

## Sak 03/21 Saker frå styret

### **Sak 3.1: Orientering om status for reiselivet, rammehøve for Visit Sognefjord og marknads- og tiltaksplanar for 2021/2022.**

Sjå vedlegg som syner nokre av tiltaksområda Visit Sognefjord gjennomførte i 2020 og gjennomfører i 2021. Aktivitetsnivået i 2020 var høgare enn i 2019 grunna tilskot frå Vestland fylkeskommune, medlemskommunane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, kombinert med kostnadskutt og marknadsbidraga frå kommunane og næringa. Det vert orientert meir detaljert under saka på generalforsamlinga.

### **Sak 3.2: Berekningsgrunnlag for marknadsbidraget frå reiselivsbedriftene i 2021.**

Medlemsbedriftene betalte utfakturerte marknadsbidrag i 2020 til trass for at dei fleste av medlemsbedriftene har omfattande innteksttap i 2020 og 2021 som følgje av pandemien. Nokre få av bedriftene har bedt om betalingsutsetjing, og er i gong med delbetaling. I 2020 vart gjennomsnittleg tap i omsetninga for medlemsbedriftene om lag 70% frå året før, medan det er forventet om lag 50% gjennomsnittleg tapt omsetning i 2021 samanlikna med 2019.

Marknadsbidraget til Visit Sognefjord vert normalt rekna ut frå førre års omsetning. Bidraga for 2020 vart sett tilsvarende marknadsbidraget i 2019 utan den årlege auken på 10% vedteke av generalforsamlinga i 2018 for perioden 2019 - 2021.

Visit Sognefjord har klart å halde marknads- og prosjektaktiviteten i 2020 på minst same nivå som i 2019 med bakgrunn i innbetalte marknadsbidrag i 2020, kostnadsreduksjonar, endringar i tiltaka, omfordeling av ressursar og tilskot frå fylkeskommunen og kommunane. Det vert lagt opp til tilsvarende aktivitet i 2021. Marknads-/salsinnsatsen, prosjektsatsinga og påverknadsarbeidet til Visit Sognefjord er særskilt viktig for medlemsbedriftene under pandemien for å få tilbake omsetninga og verdiskapinga så raskt som mogleg i ei tid der næringa har avgrensa ressursar til egne tiltak.

For å kunne oppretthalde aktiviteten på vegne av medlemmane i 2021 er Visit Sognefjord avhengig av at marknadsbidraga vert betalt. Om bidraget vert fakturert ut frå førre års omsetning får selskapet inn berre 30-40% av 2019-nivået. Ved å framleis halde på 2019-nivået vil marknadsbidraget i 2021 tilsvare marknadsbidraga som vart innbetalt i 2020. Samanlikna med generalforsamlingsvedtaket i 2018 om 10% årleg auke fram til 2021 har då marknadsbidraget i praksis blitt redusert med 10% i 2020 og 21% i 2021.

Andre reisemålsselskap Visit Sognefjord har snakka med har ulike praksis for marknadsbidraga i 2021. Fleire av dei held på betaling av fullt bidrag med bakgrunn i at aktiviteten i selskapet ikkje er redusert i likskap med Visit Sognefjord, medan nokre av selskapa legg opp til reduksjon ut frå redusert aktivitet.

#### Forslag til vedtak:

*Styret føresleg for generalforsamlinga at marknadsbidraget for 2021 vert sett til 2019-nivå tilsvarende utfaktureringa i 2020, og at dei medlemsbedriftene som har behov for det får tilbod om betalingsutsetjing fram til 1. juli 2022. Dette gir Visit Sognefjord moglegheit til å oppretthalde aktiviteten på vegne av heile næringa, og i praksis er marknadsbidraget redusert med 21% samanlikna med generalforsamlingsvedtaket frå 2018. Forslaget føreset minimum tilsvarende gjennomsnittleg omsetning i næringa som i 2020.*

### **3.3: Revisjon av forretningsplanen for Visit Sognefjord.**

Frå styresak 06/19 var det planlagt framlegg av forslag til ny forretningsplan for Visit Sognefjord på generalforsamlinga (først i 2019, så endra til 2020, og vidare utsett til 2021 pga. pandemien) samstundes med framlegg av masterplanen. Masterplanen blir vedtatt av styringsgruppa og sendt for tilslutningsvedtak i kommunane og til orientering til medlemsbedriftene og samarbeidspartnarar hausten 2021. Forretningsplanen kan vedtakast av styret hausten/vinteren 2021/2022 og leggest fram for generalforsamlinga i 2022.

#### Forslag til vedtak:

*Styret føresleg for generalforsamlinga at forretningsplanen føl prosessen med masterplanen, og at den vert framlagt for vedtak på generalforsamlinga i 2022.*

### **Sak 3.4: Fullmakt til styret om erverv av egne aksjar**

*Styret ber generalforsamlinga om fullmakt til å kunne kjøpe egne aksjer frå aksjonærar (medlemsbedrifter) som har avvikla drifta eller som ikkje er medlem lenger.*

#### *Forslag til vedtak om fullmakt til erverv av egne aksjar:*

- 1. Styret får fullmakt til erverv av egne aksjar i samsvar med aksjelova kapittel 9.*
- 2. Fullmakta gjeld frå 29.04.2021 til 29.04.2023. Fullmakta kan ikkje nyttast før den er registrert i Foretaksregisteret.*
- 3. Det minste beløp som kan betalast pr. aksje er NOK 1 000 og det høgaste er NOK 1.500.*
- 4. Den høgaste totalt pålydande av aksjane selskapet kan erverve er NOK 2 109 000.*
- 5. Erverv og avhending av aksjar skal skje til avtalt pris og kan skje ved direkte kontakt og i samsvar med vedtektene for Visit Sognefjord. Styret bestemmer elles korleis erverv og avhending av aksjar skal skje, innafør aksjelova sine retningsliner om lik handsaming av aksjonærar.*